

Årsrapport 2025



Fønnes. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Styreleders ord

Det siste året i pelagisk næring har vært todelt.

Det siste året har fiskerinæringen vært preget av en kombinasjon av sterke resultater og økende uro. Flere arter har gitt gode økonomiske bidrag, og makrellen har nok en gang vist seg som en av våre mest verdifulle eksportvarer.

Samtidig opplever næringen en økende usikkerhet. Kvotene går ned for flere viktige bestander, og mange fiskere og bedrifter kjenner på konsekvensene av et presset ressursgrunnlag. Når tilgangen på råstoff blir mindre, rammer det hele verdikjeden – fra flåten til landindustrien og leverandørleddet. Dette skaper uro som preger planlegging, investeringer og framtidsutsikter i næringen.



Forskning som treffer – og et økosystem i endring

Når flere bestander er på vei ned, burde forskningsinnsatsen økes – ikke reduseres. Nettopp derfor er kuttene i Havforskningsinstituttets budsjetter så bekymringsfulle. Færre tokt betyr mindre kunnskap, og mindre kunnskap gir et svakere grunnlag for forvaltningen. I en tid der forholdene i havet endrer seg og presset på ressursene øker, trenger vi mer innsikt, bedre data og tettere overvåking.

Dagens kunnskapsgrunnlag er ikke godt nok. Loddeforskningen er nærmest fraværende, og sjøpattedyr er ikke en del av bestandsvurderingene – til tross for at bestandene øker betydelig og påvirker økosystemene i langt større grad enn tidligere.

Forskning fra Havforskningsinstituttet viser at økende mengder sjøpattedyr gir nedgang i fiskebestandene. Hval står øverst i næringskjeden og har ingen naturlige fiender. Det finnes heller ingen kvoter eller direktefiske på knølhval eller spekkhogger. For å få ei bærekraftig forvaltning må også uttak fra toppen av næringskjeden vurderes.

Fiskerne opplever en tydelig ubalanse i havet. Store sjøpattedyrbestander kan føre til sult og lidelse. Når sjøpattedyrbestandene vokser, øker presset på fisk som allerede sliter med svak

rekruttering. Derfor må vi spørre hvorfor denne sammenhengen ikke er tydeligere integrert i forskning og forvaltning. Effekten av økende mengder sjøpattedyr er i praksis fraværende.

Det trengs mer kunnskap og en åpen diskusjon om situasjonen i havet. Først da kan vi vurdere hvordan en forvaltning av hval som ressurs bør utformes, og hvilke tiltak som er realistiske. En reduksjon av sjøpattedyr i et omfang som faktisk ville påvirke fiskebestandene, ligger langt utenfor dagens forvaltningsregime.

Behovet for et styrket kunnskapsgrunnlag

Skal vi forvalte ressursene på en måte som gir trygghet for både dagens fiskere og kommende generasjoner, må kunnskapsgrunnlaget styrkes. Det er et ansvar vi må løfte sammen og jeg ønsker et tettere samarbeid mellom fiskere og forskere.



Kristian Sandtorv
styreleder

Dette arbeidet krever innsats fra hele næringen, og det er nettopp denne felles innsatsen som gjør oss robuste når utfordringene står i kø

Til slutt vil jeg takke alle medlemmer, representanter, ansatte og samarbeidspartnere for innsatsen gjennom året. Det er kunnskapen og engasjementet i næringen som gjør at næringen står støtt, også når situasjonen er krevende. Vi fortsetter arbeidet for stabile bestander, bedre forskning og en mer forutsigbar framtid.

Ønsker alle et fortsatt godt fiskeriår.



Fonnes og Fiskeskjær på makrell. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Styremelding 2025 – 2026

Nok eit år er gått, og Pelagisk Forening har igjen fått fleire nye medlemmar. Styret synest det er svært gledeleg med nye medlemmar, og ønsker alle nye medlemmar velkomne! Det er tydeleg at reiarlag finn det attraktivt å vera medlem av Pelagisk Forening.

Generasjonsskifte og sal av reiarlag har ført til at medlemsreiarlag har fått nye eigarar. Styret set pris på at nye eigarar vel å fortsetja å ha fartøyet som medlem i foreininga.

Pelagisk Forening har delteke på relevante arenaer, bygd relasjonar, og samarbeidd med myndighetene, og andre i næringa. Styreleiar, styremedlemmer, representantskapsordføraren og sekretariatet har hatt fleire møte med politikarar frå ulike parti. Styret ser på slike møte som svært positive, og som ein god måte å fremje foreininga sine synspunkt på.

Pelagisk Forening har òg hatt fleire møte med fiskeriministeren. Tema har mellom anna vore utfordringar med reduserte kvotar, tildeling av snøkrabbetillatelse, internasjonal kvoteforhandlingar og aukande CO₂-avgift. Det har også vore diskutert forvaltning av lodde, sjøpattedyr og regulering av fleire fiskeslag og snøkrabbe.

Pelagisk Forening har òg hatt møte med Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, utbyggjarar av havvind, samarbeidsorgan mot trakassering, salslag og andre fiskeriorganisasjonar med fleire.



Noen av arenaene Pelagisk Forening har deltatt på i 2025-2026.

Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Styremøte

Styret har hatt seks møter i 2025. Mange av møta har vore elektroniske. Styret meiner at dette fungerer godt, og gjer det lettare å ha styremøte på kort varsel når det er naudsynt.

«Utøving av fiskeri» er eit fast punkt på styremøta. Her diskuterer styret aktuelle spørsmål knytt til utøving av fiskeri slik som til dømes bortfall av loddefiskeriet, spørsmål om

refordelingar, kvotesamarbeidsordningar, nullråd for øyepål og tobis, fallande kvotar på makrell og nordsjøsild med meir.

Fiskeriforhandlingar med andre land har òg vore tema på fleire styremøter, og særleg om fordeling av TAC og soneadgang i andre land sine soner.



Korsnesfisk på vei til levering. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Andre tema har vore kvoteråd, ID-kvoteordning, sjøpattedyr, tillit til forvaltninga, Arendalsuka, fiskerireguleringar, Remote Electronic Monitoring/video overvaking av pelagiske fartøy i UK, miljøavgifter, bestandsforskning, havvind, konsesjonskapasitet i pelagisk trål, lasteromsbegrensningar i kystgruppa, vilkår for deltakarlova, etterkontroll av fiskesalslagslova med meir.

Medlems- og gruppemøter

I 2025 har Pelagisk Forening arrangert medlemsmøte. Tema for møtet var deltakarlova og generasjonsskifte, neste års kvotar og grunnlaget for dei.

Det har vore fleire gruppemøter. Mellom anna vart det i juni halde gruppemøte om makrellreguleringa i kystgruppa. Slike møte gir høve til meir inngående diskusjonar om spesifikke tema, og styret og administrasjonen får innspel frå medlemmar om konkrete problemstillingar.

Styret oppfattar desse møta som nyttige, med god deltaking, og som noko medlemmane set pris på.

Styret vil takke bidragsytarane og deltakarar for gode innlegg.

Juridisk bistand i enkeltsaker og rettsaker

Pelagisk Forening har òg gitt medlemmar juridisk bistand i mange enkeltsaker, og mellom anna i saker om gebyr og inndraging. Fleire gangar har bistanden ført til at det ikkje har blitt gitt gebyr, eller at inndragingar og gebyr har blitt redusert.

Pelagisk Forening har òg gjeve juridisk bistand i arbeidsrettslege spørsmål. Det er òg gjeve bistand innanfor andre rettsområde som avtalerett, tingsrett og erstatningsrett.



Pelagisk Forening har òg gitt medlemmar bistand i straffesaker. I ei sak blei reiarlaget og skipper frifunne i tingretten, og fekk dekkja sakskostnader.

Dette er bistand som blir verdsett av medlemmar.

Forsking, bestandar og kvotar

I statsbudsjettet for 2025 blei det klart at Havforskningsinstituttet (HI) framleis får stram økonomi. Det er på det reine at talet på toktdøgn ikkje blir auka vesentleg. Diverre ser det ikkje ut til at HI sin økonomi blir betre med det første.

HI satsar på ubemanna/autonome forskingsfartøy, noko som kan gje meir forsking for midlane. Styret meiner at HI sjølv sagt skal bruka best mogeleg teknologi for å få best mogeleg kunnskap om havet, og bestandane i havet. Likevel er tradisjonelle tokt framleis viktige, og styret trur på ein kombinasjon av tradisjonelle tokt og autonome forskingsfartøy.

Styret er bekymra for negativ utvikling for fleire av dei viktigaste fiskebestandane og konstaterer lågare kvoteråd. Styret meiner at med større kunnskap kunne fiskebestandane blitt forvalta betre. Mellom anna sjøpattedyra. Fiskarane rapporterer om stadig fleire sjøpattedyr. Diverre synest det ikkje å vera prioritert å forska på konsekvensane manglande uttak av sjøpattedyr har for fiskebestandane.

For liten kunnskap om bestandsituasjonar kan føra til at det blir fiska mindre enn optimalt, og til tapt verdiskaping. Styret meiner at bestandskunnskapen er mangelfull for mange artar. Forsking er langsiktig arbeid, men det hastar med å forbetra bestandforskinga.

Marked og lønsemd

Styret konstaterer at høgare prisar har kompensert for store deler av kvotenedgangen. Alle kostnader knytt til vedlikehald og drift av fartøya kostar meir.

Samstundes medfører låge kvotar, og høge prisar, også utfordringar for landindustrien. Det er mindre kvantum å fordela faste kostnader på, og det er uvisst kor mykje sluttkundane kan og vil betala. Det er òg landanlegg som har permittert på grunn av råstoffmangel. Det er viktig med lønsemd i alle ledd, og både fiskarar og distrikta er tent med lønsame landanlegg.

Avgifter og «Det grønne skiftet»

Miljø og klima har hatt stort fokus i samfunnet dei siste åra.

Styret meiner at inntil vidare er den beste måten fiskeflåten kan redusera



*Krykkje på vei på matjakt.
Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening*

klimagassutsleppa på er gjennom redusert energiforbruk, gode reguleringar og gode avtalar med landa Noreg deler bestandar med.

På grunn av avgiftene er det mange norske fiskebåtar som bunkrar i utlandet, eller brukar eit avgiftsunntak ved å gå til utenlandsk havn.

Gjentatte gangar har Pelagisk Forening uttrykt at CO₂ -avgifta rårakar skeivt. Avgifta fører òg til ekstra utslepp som fylgje av at fartøya går til utanlandsk havn.

Ordninga med avgift og refusjon fører òg til unødvendig byråkrati.

Medlemar av Pelagisk Forening har òg opplevd at refusjon har blitt nekta. Mellom anna grunngeve med at Garantikassen hadde brukt opp potten. Pelagisk Forening har gjeve bistand i klagesak, og saka er ikkje endeleg avgjort.

Lodda

Styret har hatt fokus på loddefiske i Barentshavet i mange år. Foreininga arbeider målretta for å styrke forskinga, og for å få ein årleg kvote. Dette for å «vedlikehalde» marknaden, og for å få fangstdata inn som ein del av forskinga. Diverre blei det ikkje opna for loddefiskeri i år heller.

Norske fiskarar fekk ikkje fiska lodde ved Island i år. Dette skuldast avtalesituasjonen. Styret opplever at Island diskriminerer norske båtar ved å ha strengare reglar for norske båtar enn for islandske. Norske båtar har trålforbod, det er reglar om kor mange norske fartøy som kan vera i fiskeri samstundes, datoreglar og område norske båtar ikkje får fiska i.

Snøkrabbe

Snøkrabbefiskeriet blei lukka frå og med 2025. Styret har uttrykt seg kritisk til måten fiskeriet blei lukka på.

Styret har òg uttalt seg kritisk til at kvar båt må levera 20 % av fangsten levande for å få full kvote. All den tid 11 av 30 fartøy ikkje har fabrikk om bord må uansett over 1/3 av



Smaksprøver av snøkrabbe og sild på Arendalsuka. Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening

totalkvoten leverast levande. Landindustrien er såleis garantert å få levert vesentleg meir enn 20 % av totalkvoten.

Styret meiner at kvart reiarlag sjølv må få vurdere om dei vil levera levande eller frose råstoff.

Pelagisk Forening på Arendalsuka

Pelagisk Forening stilte sterkt på Arendalsuka i år òg. Dette med medlemsfartøyet Vestland Arctic. Det blei arrangert debattar kvar dag, og Alex Rosén underholdt om bord og på land. På dekk var det servering av matjessild og snøkrabbe. Det var òg open båt kvar dag slik at interesserte kunne koma om bord og få omvising.



*Servering av smaksprøver av sild og snøkrabbe på et fullsatt dekk på Vestland Arctic under Arendalsuka.
Foto: Mia Høgi/Pelagisk Forening*

Debattane var «LoVeSe – kan vi ta risikoen», «Sjømatnæringen og EU: På tide å si ja?» og «Fisk, forskning og geopolittikk». På «Den store fiskerikvelden» blei politikarar og næringa utfordra på kvifor ikkje sjømat er ein del av del av matvareberedskapan når næringa bidreg med over 13,7 milliardar måltid kvart år.

Vestland Arctic er eit stort og flott fartøy. Båten har mange lugarar og eit stort dekk og er godt egna til arrangement. Styret rettar ein stor takk til mannskapet, reiarlaget og familiane Taranger og Økland for god hjelp, og for å stilla med fartøyet på Arendalsuka!

Sildegilde

Pelagisk Forening arrangerte saman med Norges Sjømatråd «Sildegilde». Sildelaget støtte arrangementet økonomisk.

Det blei arrangert sildefest på Kulinarisk Akademi og i Mathallen i Oslo. Målet er å løfte silda sin posisjon i norsk matkultur og inspirera til økt bruk av sild.



Kokk Haavard Onsøyen forbereder Sildegilde. Foto: Norges Sjømatråd

Kokkane blei leda av Haavard Onsøyen. Det var stor begeistring for kokkane sine kreative silderettar.

Arrangementet samla politikarar, næringsaktørar, journalistar og kokkar. Alle med felles mål om å lære meir om verdas mest klimavennlege mat, og bli inspirert til å sette sild på menyen og på agendaen.

Under Sildegildet blei Arjen Kraaijeveld kåra til «Årets Sildeelsker». Arjen fekk prisen for sitt lange engasjement for å gjera sild populært.

Styret gratulerer Arjen med velfortent pris og takkar alle deltakarar og bidragsytarar.

Arealkonflikter til havs

I fleire år har Pelagisk Forening jobba mykje med problemstillingar i høve til arealkonflikter til havs. Slik òg det siste året. Arbeidet er i høve til vindturbinar, utvinning av mineral på havbotnen og seismikkskyting.

Pelagisk Forening har sagt tydeleg frå om at omsynet til fiskeriinteressene må vege tyngst ved arealkonflikter på havet.

Høyringar

Fiskeridirektoratet sitt årlege reguleringsmøte er ei munnleg høyring. Her blir reguleringa for dei kommersielt viktigaste artane drøfta. Pelagisk Forening deltok, og leverte innspel i ei rekke saker om regulering av fiskeri for artane medlemmane fiskar.

Reguleringane er kompromiss av ei rekke til dels kryssande omsyn. Politiske omsyn, distriktsomsyn, bestandsomsyn med meir.

Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) har satt i gang eit arbeid for å



I forbindelse med Sildegilde benyttet Pelagisk Forening ved styreleder Kristian Sandtorv, Alfred Økland og Alex Rosen muligheten for å promotere sild til representantene inne på Stortinget. Foto: Pelagisk Forening



Sild i fokus på Sildegilde. Foto: Norges Sjømatråd

kartlegga om endra regulering kan føra til lågare utslepp av klimagassar. Pelagisk Forening deltek i ei arbeidsgruppa som arbeider med dette.

Pelagisk Forening har òg levert inn ei rekke skriftlege høyringsvar. Dette mellom anna om etterkontroll av fiskesalslagslova, marknadsavgift, sjøfartsforskrifta, regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet, endringar i særavgiftsforskrifta – innføring av ny CO₂-avgiftssats for fartøy som driv fiske og fangst i både nære og fjerne farvatn, kvalifikasjonar og sertifikat for sjøfolk, ressursforskrifta, statens kontrollørar for fiskesalslaga, deltakarforskrifta, forskrift om prøvetaking av industrifangstar ved landing, revisjon av særavgiftsregelverket, diverse høyringar om havvind og petroleum i Nordsjøen, ID-kvota i pelagisk fiskeri, endringar i ERS-forskrifta, heimlar for stenging i pelagiske fiskeri og industritrålfiske, ny kredittpolitikk for Norges Sildesalgslag med fleire.

Det er òg mange høyringar som er vurdert, men der har foreninga valt å ikkje svara fordi høyringane er av mindre interesse for aktiviteten til medlemmane.

Internasjonale forhandlingar

Pelagisk Forening har delteke i ei rekke internasjonale forhandlingar om pelagiske artar som NVG-sild, kolmule, makrell, nordsjøisild, brisling, lodda ved Island.

Pelagisk Forening vil ha fokus på dette viktige arbeidet framover.

I februar 2026 blei Jonny Lokøy tilsett i Pelagisk Forening. Jonny skal representera foreninga i den norske forhandlingsdelegasjonen i fiskeriforhandlingar, noko han alt har gjort i fire år.

For dei som ikkje kjenner Jonny kan det nemnast at han er tidlegare fiskar, styrmann, og medeigar av eit ringnotreiarlag. Jonny har tolv år i styret, sju av dei som styreleiar. Jonny har òg fem år i styret i Sildelaget. Det siste året som nestleiar.

Styret er svært glade for at Jonny fortset å representera foreninga i forhandlingsdelegasjonen.

Fagleg utval for ressursforskning (FUR)

I år som tidlegare år har Pelagisk Forening delteke i FUR. Gjennom FUR har Pelagisk Forening mellom anna arbeidd for at HI prioriterer forskning på de viktigaste bestandane og sjøpattedyr.

Pelagisk Forening har òg arbeidd for at det skal vera årlege snøkrabbetokt og for at det skal forskast på situasjonen i Nordsjøen der det er mye hyse og kvitting. Fisk som truleg er ein vesentleg årsak til at det er lite tobis og øyepål.

Styret takkar Rose Mari Berge for det gode arbeidet ho gjer i FUR.


Pelagisk Forening har òg deltatt på det årlege møtet i Referansegruppa for ressursforskning.

Lang saksbehandlingstid i Fiskeridirektoratet

Etter direktoratet si omorganisering opplever fiskarar at saksbehandlingstida blir lengre og lengre. Dette har ført til problem for mange fiskarar. Særleg i samband med søknadar om ervervsløyve for båtar og/eller kvotar.

Sjølv enkle søknadar kan ta lang tid. Dette gjer det utfordrande å planlegga drifta. Som kjent ventar ikkje fisken, og i verste fall medfører lang saksbehandlingstid at fiskarar taper fangstinntekter.

Det er heller ikkje uvanleg at fiskarar får varsel om moglege gebyr og inndraging eit par år etter direktoratet sin kontroll. Det seier seg sjølv at mykje blir gløymt på så lang tid. Den lange saksbehandlingstida medfører òg rettssikkerheitsproblem for fiskarane.



Pelagisk Forening har sendt brev til Fiskeridirektoratet, og gitt uttrykk for bekymring over lang saksbehandlingstid.

Diverre er det inga rask løysing, og næringa må vera budd på at det vil ta tid før direktorat si saksbehandlingstid blir redusert.

Samstundes skal det seiast at Pelagisk Forening samarbeider godt med forvaltninga. Forvaltninga har mange flinke, hyggelege og hjelpsame tilsette som samarbeider godt med næringa.

Senking av fregatt i fiskefelt

I samband med ei militærøving i haust senka Forsvaret den utrangerte fregatten «Bergen». Diverre blei fregatten senka på fiskefeltet Svensgrunnen i Troms.

Styret har stor forståing for at Forsvaret må øve, men meiner at fregatten ikkje burde blitt senka i eit viktig fiskefelt. Pelagisk Forening har krevd at Forsvaret fjerna vraket, noko Forsvaret har avvist. Pelagisk Forening har òg bedt om at Fiskeridirektoratet krev at Forsvaret fjernar vraket, noko havressurslova gjev direktoratet heimel til å krevja. Dette har direktoratet avvist.

Pelagisk Forening har saman med Norges Kystfiskarlag og Nord Fiskarlag anmeldt senkinga til Politiet. Det er òg fremja representantforslag i Stortinget om å heva vraket. Siste ord er såleis ikkje sagt.

Sekretariatet, nye tilsette, og nytt kontor i Tromsø

Sekretariatet har bestått av dagleg leiar Mariann Frantsen, advokat Ask Økland, og seniorrådgjevar Mia Høgi.

Den 1. oktober 2025 opna Pelagisk Forening nytt kontor i Tromsø. Håvard Fause er tilsett som seniorrådgjevar ved Tromsøkontoret. Håvard er utdanna fiskerikandidat ved

UiT, og har lang erfaring frå Fiskeridirektoratet. I direktoratet arbeidde Håvard i Fartøy- og deltakarseksjonen. Han leidde òg denne seksjonen i 1,5 år. Håvard har òg arbeidd med kriminalitetsførebygging.



*Pelagisk Forening har åpnet nytt kontor i Tromsø.
Foto: Roar Bjånesøy/Norges Sildesalgslag*

Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga. Styret takker alle medlemmar, myndigheiter, samarbeidspartar og tilsette for godt samarbeid.

Bergen, 13. april 2026

Kristian Sandtorv
styreleder

Marit Hamre
styremedlem

Torbjørn Veia
styremedlem

Kristine Kristoffersen
nestleder

Eirin Roaldsen
styremedlem

Siren Økland
styremedlem




På makrellfeltet. Foto: Andreas Leine

Fiskeriavtaler: en oversikt

Av Mia Høgi

Hva Norge kan fiske, bestemmes i stor grad av hvordan vi blir enige med våre havnaboer. I årlige bi-, tri- og multilaterale forhandlinger skal tautrekkingen om vektingen av kriteriene for hvor mye hver kan få, løses. Pelagisk Forening har i flere omganger prøvd å få en oversikt over samtlige av disse fiskeriavtalene. Avtalene Norge inngår med andre land er gjort over flere tiår, og de er så vidt oss bekjent ikke samlet ett sted. I denne teksten skal vi prøve å gi en kort oversikt over disse avtalene.

Hvert år gir regjeringen ut en melding til Stortinget om fiskeriavtalene, og fisket etter disse avtalene. Denne er blitt utgitt i mange år og kom i stand fra og med 1995. Meldingen gir en kort redegjørelse for avtalene, utfordringer, historikk og hva embetsverket jobber med. Meldingen gir derimot ingen oversikt over selve avtaleverket.




Kompleksiteten i fiskeriavtalene kan illustreres slik. Det er både kort- og langsiktige avtaler for både hvitfisk og pelagiske arter, flerbestandsavtaler, bi-tri og flerpartsavtaler med mer.

Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Norge deler de fleste bestandene med andre land. Det er bare et fåtall som vi styrer alene. Det er derfor behov for fiskeriavtaler for å bli enig om totalkvote og andelsfordeling. Dette skal bestemmes etter reglene i havrettskonvensjonen (UNCLOS), og tillegget i fiskeriavtalen (UNFSA). Denne sier at man i fordelingen av andeler skal ta hensyn til (min tolkning og oversettelse):

- Ta hensyn til bestanden og dens biologi, og andre biologiske karakteristikk av bestanden,
- Man skal se hen til den geografiske fordelingen av bestanden og fiskeriet,
- Samtidig som man ser på de geografiske særegenhetene ved regionen man er i,
- og, hvordan utbredelsen er og hvor mye som blir fisket innenfor nasjonal jurisdiksjon.




For mange av de artene Norge er en kyststat for er det lenge siden man hadde helhetlige avtaler (før makrellen kom i 2025). For Nordsjøen er bildet annerledes. Kyststatsandelene har vært fastlagt i mange år, og forhandlingene som skjer på høsten, går ofte enkelt for seg.

Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Kort fortalt kan dette kortes ned til:

- sonetilhørighet til arten: hvor er fisken i hvilken livssyklus, hvor mye av fisken er der i hver del, og hvor lenge oppholder den seg i hver av delene
- historisk fiske i egen sone og internasjonalt
- avhengigheten til fisket



I 2025 inngikk Norge, sammen med UK, Island og Færøyene en firepartsavtale på makrell. Med avtalen kommer det flere bilaterale tillegg som blant annet sier noe om soneadgang. I tillegg er det underforstått, gjennom andre avtaler, en byttehandel av kvantum. EU valgte å stå utenfor avtalen.


Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Det internasjonale regelverket har ikke sagt noe om vektingen mellom de forskjellige momentene. For å få til fiskeriavtaler, er det derfor ofte omfattende forhandlinger. Mange bestander bruker norske havområder for store deler av livssyklusen sin. Selv om fisken oppholder seg i norske havområder, er det nødvendigvis ikke der det er mest hensiktsmessig å fiske den: for eksempel kan det skyldes størrelsessammensetning, uønsket innblanding med andre arter, dybde på feltet, osv. Den mest kjente avtalen for dette er den Norsk-Russiske fiskeriavtalen som gir russiske fartøy rett til å fiske i Norges økonomiske sone (NØS) for å fiske på større individ.

Disse momentene gjør at soneadgang er blitt et forhandlingskort.

Avtaleverket består av en rekke avtaler: langsiktige og kortsiktige. Den eldste som fortsatt er i bruk er etter våre opplysninger fra 1975, som er avtalen med Russland/Sovjetunionen. Avtalene er derfor spredt og finnes på en rekke steder:


- Stortinget sitt arkiv
- Regjeringen sine nettsider
- Lovdata
- FN sine sider over traktater



Gjennom flere bilaterale avtaler har Norge gitt fra oss, og mottatt, kvantum og soneadgang, for både NVG og kolmule. Kyststatsandelene i denne illustrasjonen viser kun det Norge og Færøyene er blitt enig om. I tillegg til avtalene Norge gjør med våre naboer, blir vi påvirket av avtaler de igjen gjør med hverandre. Avtaleverket viser et sterkt og langvarig gjensidig forhold mellom Færøyene og Island. Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Og noen igjen er i et stengt arkivsystem.

Avtalene kan, i tillegg til å deles i kortsiktige-langsiktige, også deles på art eller hvor mange parter. Dette kompliserer det ytterligere. Vi har for eksempel makrellavtalen fra 2025,




I avtalen som gjaldt fiske i 2025 er det gjennomført bytte av både soneadgang og kvantum mellom Island og Færøyene. Dette involverer arter Norge også fisker.

Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

gjeldende fra 2026, som er en firepartsavtale mellom Norge, Storbritannia, Island og Færøyene. Den regulerer makrell. Vi har også en bilateral avtale med EU som regulerer artene i Nordsjøen, inkludert også makrell.

Avtalene vi inngår blir derfor en drakamp for å bli enig: vi må gi fra oss og vi må få. I enkelte avtaler er dette åpent og ansees som en rettferdig byttehandel, i andre avtaler er det omfattende tallkløyveri for å forstå sammenhengen. Løsningene gjøres for noen arter ganske enkelt, og for andre igjen blir det veldig komplisert. Avtaleverket kan for eksempel omfattes av totalkvote i en, andel i en annen, soneadgang i en tredje, byttehandel av soneadgang i en fjerde, byttehandel for kvantum i en femte, osv. For å komplisere det ytterligere kan Norges ønsker, posisjoner og forhandlingskort avhenge av andres bilaterale avtaler. På grunn av dette er det ikke alltid man lykkes med avtaler der alle involverte er med. Norge har hatt en holdning der det er bedre med en avtale, enn ingen avtale. Det er derfor ikke alltid alle er med på avtalene.

Oversiktene i denne artikkelen er derfor ment som en illustrasjon.



Utvikling i andel av islandstodde. Lodde på Island har opp gjennom årene hatt flere avtaleverk, og avtalene har vart over veldig lang tid. Gjennom dette kan man se på utviklingen i andel. Island opphevet med virkning fra sesongen 2024-2025 den trilaterale avtalen fra 2018, og inngikk en ny bilateral avtale med Grønland 3.juli 2023. Norge deltok i forhandlingene, men er ikke en part i avtalen. Selv om Norge ikke er med som part i avtalen, er vi likevel omfattet av avtalen ved at vi etter deres skjønn har fått en andel på 1%, samt at det i avtalens artikkel 7 står: «Udnyttet norsk kvote per 31. desember vil blive delt mellom Island og Grønland i henhold» til andelene i avtalen.

Illustrasjon: Mia Høgi/Pelagisk Forening

Kilder:

- Fiskeridirektoratets digitalarkiv
- Fiskets gang
- Stortingets digitalarkiv
- Regjeringen sine nettsider



Flipper. Foto: Fiskenet